


ETNESENN- DAMMEN



Etnesenn dammen ligg ved utløpet av Etnesenn nærst i Etnedal. Dammen er mura av Peder Pederson Mørken (f 1830) fyrst i 1880-åra.

Det hadde vore ein dam her tidlegare, men den var av tømmer og fungerte ikkje godt lenger. I 1847 vart det fereslege at ein skulle byggje ein ny oppmura dam av steinblokkar ved Etnesenn. Fyrst i 1880-åra vart det fortgang i desse planane, og i 1882 starta arbeidet med den nye dammen for fullt.

Den nye Etnesenn dammen vart den største i dalen med 16 luker og det var dobbelt så mange som i Rotvoll dammen.

Det er usikkert når tømmerfløytinga i Etna starta. Det er funne protokollar attende te 1847, men ein veit at fløytinga starta tidlegare.



Ingvald Berg og Jon Steinsvold i arbeid på Etnesenn dammen ca. 1960.

Lukene vart satt i rimelig tid om våren, men ein lot det vere eit passeleg utløp dersom det var mykje vatn. Dammane vart slepte tidleg om morgonen og det var damvoktere som stod for sleppinga. Ein måtte vere to om jobben og godtgjeringa per dag var kr. 1,75 på kvar i 1910. Mange lokale menn hadde arbeid som brøtningskarar. Arbeidet vart rekna for å vere godt betalt, men farleg.

Frå 1945 var Etnesenn dammen den einaste brøtningsdammen i Etnedal. Dammen var i drift fram til 1968, og då var det slutt med brøtning i Etna. Etter den tida har tømmeret vore transportert på bilar og jernbane.

Kjelde: «Etna frå fjell til fjord» av Harald Hvattum m.fl.

Brøtningskarar ved Bruflat på 1950-talet.

I 1998 starta ein arbeidet med å restaurere Etnesenn dammen. Etnedølen Alf Grønbrekk var bas og primus motor for restaureringsarbeidet, og han hadde god hjelp av ei stor gruppe dugnadsarbeidarar.

Den vesle kvilehytta er òg restaurert. Hytta er ikkje låst, så ein kan både fyre i omnen og kvile seg her inne dersom ein ynskjer det.

Det er Etna Fellesfløtningsforening som eig Etnesenn dammen. Foreninga vart etablert i 1847.

Under leiing av Ole Svein Ødegaard har dei arbeida med ny restaurering av dammen etter skadane vårflaumen gjorde i 2013.

Ein turstig går frå Etnesenn dammen om Stuvlié til Rotvoll dammen.

Rotvoll dammen vart bygd i 1847. Dammen hadde 8 luker.



Etnesenn dammen 2007. Foto: Geir Norling.

